

## CISV Sogn og Fjordane

### Årsmelding 2011 (23.oktober 2010 - 22.oktober 2011)

#### Styret

Leiar Informasjonsansvarleg	Else Nesøy (2009-2011)
Nestleiar Leiartreningsansvarleg	Inga Henjum Halsnes (2009-2011)
Økonomiansvarleg	Edith Eide (2009-2011)
Interchangeansvarleg	Sidsel Kinserdal (2009-2011)
Styremedlem	Wenche Galborg (2009-2011)
Barneleiransvarleg	Åse Kongsvik (2011-2012)
Ungdomsrepresentant	Runa Andrea Brekke Gjerland (2011)
Ungdomsrepresentant	Aasmund Kongsvik Aall (2011)

Revisor: Leif Longvanes

Valnemd: Sylvi Årland, Liv Bulling. (Edith Eide tok på seg eit nytt år i styret, og er difor ute av valnemda)

Møter: Styret har hatt 8 møter (7/12, 11/1, 1/2, 6/2, 7/4, 2/6, 1/9, 17/10), samt ein del kommunikasjon pr telefon og e-post.

#### Intern og ekstern kommunikasjon

Styret har kommunisert med medlemmane, gjennom direkte e-post, oppslag på lokallaget sine sider på [www.cisv.no](http://www.cisv.no), og gjennom elektroniske nyhende-brev. Ikkje alle medlemmar har vore like flinke til å oppdaterte e-postadresser, noko som har medført at ikkje alle har motteke elektroniske nyhende-brev.

Vi har hatt **mediaoppslag** i nokre aviser i fylket, m.a. i Fylkesmagasinet rundt søknadsfristen for CISV-aktivitetar 1.desember.

Ein tidlegare delegat med familie vart også valt ut til å presentere programmet Interchange i ein ny informasjonsbrosjyre som vart utsendt frå CISV sentralt .

## Økonomi

Delegasjonsrekneskapen går ut med eit lite overskot til dekking av administrasjonskostnader. Ref. føresetnadane i budsjett vedteke på årsmøtet i 2010. Det vil seie at alle aktivitetar laget har dreve dette året skal vere sjølvfinansierande.

## Rekruttering

Det vart gjort ein grundig jobb med spreieing av plakatar med søknadsfrist for internasjonale aktivitetar, med god hjelp frå medlemmane.

Fleire ungar hadde informasjon på eigen skule. Rundt søkjarhelga hadde vi god søknad til dei 8 plassane på barneleir. Vi måtte derimot jobba meir for å få til Interchange-delegasjonen, som til slutt utgjorde 5+leiar. Til slutt fekk vi også på plass dyktige leiarar til delegasjonane.

## Medlemstal

	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2001	2000
Totalt	165	160	149	130	144	142	141	131	119	94	103
Tom 26 år	98	98	92	82	91	94	92	92	73	61	64
Over 26 år	66	65	57	48	53	48	49	49	46	33	39

## Leiar- og foreldretrening, førebuing og oppfølging av delegasjonane.

Vi arrangerte **søkjarhelg** på Trudvang Skule i Sogndal 5.-6.februar. Vi hadde god deltaking også frå 2009 og 2010 delegasjonane, som informerte om sine opplevingar til nye søkjarar. Gode tilbakemeldingar frå foreldre og søkjarar.

**Barneleir:** Delegasjonane hadde 2 felles samlingar i løpet av våren i tillegg til Pre Village (16-17/4 og 14-15/5 på Leikanger). I tillegg vart det arrangert treff utan leiarane tilstades.

**Interchange:** Delegasjonen hadde 4 samlingar i løpet av våren (9-10/4, 2/5, 15/6 og 8/7 i Sogndal/Gaupne/Leikanger) i tillegg til Pre Village.

**Pre Village** vart arrangert 1.-2.juni på Fjærland Skule.

**Post Village** for Interchange vert arrangert 22.-23.oktober på Trudvang Skule i Sogndal. Interchange-delegasjonen frå 2010 arrangerer treff også same helg.

**Post Village for barneleir** måtte utsettast då dei 2 leiarane, av praktiske årsaker, ikkje kunne møte. Det vert jobba med å finne ny dato for treff før jul.

## Mosaic

Styret har heller ikkje dette året klart å motivere til Mosaic-aktivitet i laget. Her har vi ei stor utfordring komande år. Betre samarbeid med CISV Hordaland vil vere ein styrke.

## Deltaking på internasjonale aktivitetar

### **Barneleir – Fyn, Danamrk (1/2 – 28/2)**

Sjur (Sogndal), Andris (Fjærland), Mari (Leikanger), Frida (Loen) og leiar Ingrid Fjær Andersen (Leikanger)

**Barneleir – Galicia, Spania (22/7 – 18/8)**

Marcus (Sogndal), William (Sogndal), Johanne (Leikanger), Pernille (Volda) og leiar Nazir Agid Majid Amedi (Larvik)

**Interchange – Klagenfurt, Austria (8/7 – 5/8)**

Olav (Sogndal), Marianne (Gaupne), Evita (Sogndal), Hannah (Sogndal), Ola (Sogndal) og leiar Guri Haugen Aardal (Leikanger)

**JC**

Vi hadde ein JC-plass for gut, men dessverre ingen søknader frå vårt lag.

**Youth Meeting**

Åsne og Rebekka deltok på Yout Meeting i Newcastle i påska.

**Stab – Summer Camp, Oppland**

Inga H. Halsnes har i sommar vore stab på Oppland sin Summer Camp for 14-15 åringar

**Stab – National Junior Camp, Mjølfjell**

Britt Iren Eidem deltok som kjøkkenstab

I tillegg vil vi nemne at Britt Iren Eidem også har vore leiar for ein barneleir i regi av CISV Rogaland.

**Deltaking på møte i regi av CISV Noreg**

- Haustmøte og RSM (representantskapsmøte) i Oslo, 30-31.10.: Else Nesøy
- LTS (Leiartreningsseminar) i mars : Inga H. Halsnes, Ingrid Fjær Andersen og Guri Haugen Aardal
- NJC (National Junior Camp), Mjølfjell, påska 2011: Britt Iren Eidem som stab
- Landsmøte og RSM (representantskapsmøte) i Bergen, 8-10.04: Else Nesøy , Cindy Litlabø
- NEO (Nettverk, Engasjement og Oppfølging) 16.-18.september: Ingen leiarar frå S&Fj. deltok.
  
- **Nasjonale verv og oppgåver**
  - Brita Bolstad er organisatorisk nestleiar i sentralstyret
  - Ane Rømmen er leiar i Youth Meeting-komiteen
  - Vibeke Johnsen er leiar av kontrollkomiteen , samt ansvarleg for ”Ny i styret kurs”

Sogndal 22. oktober 2011

Else Nesøy

Inga Henjum Halsnes

Edith Eide

Sidsel Kinserdal

Wenche Galborgren

Åse Kongsvik

Aasmund Kongsvik Aall

Runa Andrea Brekke Gjerland